

## ***Referat frå Hyttemøte på Oset Høyfjellshotell 08.10.22***

Oppmøte: ca 100 hyttegolinger

**Velkommen** v/ ordførar med oppdatering om tal og tenester, sjå eigen PP-presentasjon.

**Orientering v/ Hallingdal Brann og Redning** – sjå nettside hbr.no for meir informasjon.

Under svar på spørsmål som kom under deira bok:

**Atdkomst (Takstige):**

Det er feierens arbeidsplass det gjelder og vi har stort fokus på sikkerheten. Dersom feieren ikke finner adkomst forsvarlig, vil feiring ikke bli utført. Dvs at feieren gjør en risikovurdering for hver enkelt hytte/fritidsbolig.

**Hyppighet/ Frekvens:**

Etter ny forskrift så blir hyppighet/frekvens for neste tilsyn og feiring satt ut i fra bl.a tilstand på fyringsanlegget, og ut i fra sotmengde som vises etter endt feiring, men ikke lenger enn maksimalt 10-ti år. Gjennomsnittlig ligger de fleste på et intervall mellom 4 til 8 år.

**Gebyr:**

Prisen på tjenesten er ut i fra selvkostprinsippet, og kundene blir fakturert etter utført tjeneste. Dvs jo bedre kvalitet på fyringsanlegget jo sjeldnere blir tilsyn og feiring utført. Det skal lønne seg å ha ting i orden.

**Orientering v/ Gol Utmarkslag** – sjå eige PP-presentasjon. Under innlegget kom det blant anna skryt for løypekøyringa i sesongen 21/22, spørsmål rundt innloggingsordning på utmarkslaget sine nettsider for betaling av løypeavgift, spm om kor mykje Gol kommune bidreg med til løypekøring ift omkrinliggende kommuner, spm om bruk og vedlikehald av undergangen ved Hallingen.

**Orientering v/ Visit Gol** – sjå eige PP-presentasjon. Det kom spm om parkering ved Vasskanten ifm aktivitetar der og i omkringliggjande område, det kom mykje informasjon rundt parkeringa nærmast dammen og informasjon om bomstasjonen og korleis den fungerar der. Det vil bli forsøkt å finne ut korleis parkering er og er tenkt framover mtp auka aktivitet ved Vasskanten. Det kom spørsmål om markagrense og spm om korleis ein ser for seg å evt ha tilbod om skøytebane på Tisleia ved Golsfjellet Fjellstue i 2022/2023 sesongen. Til det siste så er dette eit privat initiativ men Visit Gol har tatt innspelet.

**Orientering v/ Hallingdal Renovasjon** – sjå eige bilde av returpunkt Brenn som vart vist til under orneteringa. Det kom kommentar og spm ifm forsøpling og overvåking på returpunktet ved Sørbøl og det vart svara at det mest sannsynleg kjem kamera. Det kom spm rundt moglegheitene for matavfallsortering og utlevering av matavfall-posar. Det kom

kommentar på papirbeholder sin åpning på returpunktet Sørbøl. Det kom spm om når ein ser for seg returpunkt utbygging på og for Skagahøgdi område. Det vart kommentert at det er bra med levering av større ting i Klemmavegen integrert i gebyrer også for hyttefolk.

**Orientering v/ Gol kommune** – sjå eige bilde av arealkart for kommunens revidering av kommuneplan.

Det kom spm om nå kom plan kjem på høyringr, det kom spm om markagrensa og korleis dette er diskutert og vurdert i samband med revidering, det kom innspel på om ein burde legge til rette for å ta inn stig og løypetrasear i kom.plan, det kom kommentar på vegsystemet der vegane på Golsfjellet i hovudsak er private, det kom også spm om det er vikeplikt som gjeld og det er det men og kommentar om ein bør vurdere forkjørsveg. Det kom innspel på å aktivt oppsøke og tilknytte hyttefolk til kommunalt VA, det kom spm om utsleppstillatese for Golsfjellet og kor mykje kapasitet som står att. Under denne bolkoen kom det også andre spm og innspel som dverre eg ikkje fekk med meg.

Neste år vil møtet bli spelt inn slik at ein kan sjå møtet i sin heilheit i etterkant og som vil gjere at me ikkje treng å føre referat på same måte som dette så det er veldig krevjande. Dette er tenkt i staden for å legge til rette for digitalt møtedeltaking då det blir for vanskeleg å manøvre både spørsmål fra salen og frå digital plattform. Det vil bli møte på Golsfjellet også neste år.

Takk for frammøte!